

TiTur Dalsfjorden 2018

PREMIE TIL ALLE
SOM FULLFØRER.
4 VINNARAR AV
GÅVEKORT.



Indre Sunnfjord Turlag inviterer til **TiTur Dalsfjorden**. Prosjektet er eit samarbeid mellom Barnas Turlag i Fjaler og Askvoll, samt turgruppene i dei to kommunane.

TiTur Dalsfjorden vart gjennomført fyrste gong i 2017 og vi vurderte det som ein suksess som vi har lyst å fortsette med.

Fom 1. juni tom 1. oktober har du høve til å bli kjend med mange av dei flotte fjella i nærområdet vårt.

Premiering: Alle som fullfører får ei lommelykt, og du er med i trekninga av 3 gåvekort med ein verdi av 1000 kroner.

Innsjekkinga skjer ved at du skriv deg inn i TiTur-bøkene som ligg ute, men du kan òg nytte den nye mobilappen **SjekkUT**, der du kan registrere deg med eller utan selfie. I tillegg trekker vi eit gåvekort blant instagrabilette som er lagde ut med emneknaggen **#titurdalsfjorden18**. (hugs open profil)

Deltakarar under 7 år: Må ha gått på 5 toppar.

Deltakarar opp til 13 år og over 67 kan, om dei ønskjer det, heller ta to turar ekstra til eit par av dei lettare turmåla enn å gå dei høgste og lengste turane.

Vil du ha meir informasjon eller fleire turkort? Gå inn på nettsida vår, **www.isturlag.no/titurdalsfjorden18**

Turkortet må leverast på Yx bensinstasjon i Askvoll eller Dale innan **10. oktober 2018**. **Lommelyktene** vert utleverte fortløpande mot innlevert, fullstendig utfylt turkort. Alle må ha kvar sitt turkort, og det kan berre leverast inn eitt kort per person.

Spørsmål kan stillest John Lien på tlf. 918 61 083.

INSTAGRAMKONKURRANSE
#titurdalsfjorden18



TiTur Dalsfjorden	TURMÅL	DATO	NOTAT	SIGNERT BOK
Fjaler	Bygdeheia			<input type="checkbox"/>
	Arsteinsheia			<input type="checkbox"/>
	Høgevarde			<input type="checkbox"/>
	Grøneholten			<input type="checkbox"/>
	Høgefjellet			<input type="checkbox"/>
Askvoll	Fløyen/Helleberget			<input type="checkbox"/>
	Nipebu			<input type="checkbox"/>
	Moldura			<input type="checkbox"/>
	Hjartåsen			<input type="checkbox"/>
	Olsetåsen			<input type="checkbox"/>

Namn: Alder: Tlf:

Adresse: E-post:

ARRANGØR: Indre Sunnfjord Turlag, Postboks 488, 6803 Førde
Nettside: www.isturlag.no E-post: isturlag@gmail.com

Indre Sunnfjord Turlag

